



Andreas Kolås
Kolåsvegen 163
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/437 - 15/2747

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.02.2015

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 107/41, Kolås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.02.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknad gjeld oppføring av garasje på eigedom gbnr. 107/41. Det er i søknad opplyst at ferdig garasjen har eit bebygdaareal på 66 m². Det er søkt om ansvarsrett som sjølvbygger for tiltaket.

Planstatus

Eigedomen ligg i LNFR-område i arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023. Tomta vart i Plan- og miljøutvalet sitt vedtak om dispensasjon den 23.02.2011 godkjent frå delt for bygging av einebustad med maks utnyttingsgrad på 25 %-BYA. Vedtaket har gyldighet i 3 år og utløp 23.02.2014.

Eigedomen vart etablert 17.03.2011, og det vart 15.06.2011 gjeve løyve til oppføring av einebustad på eigedomen.

- Tiltaket er ikkje i samsvar med førmålet i arealdelen til kommuneplanen og krev difor dispensasjon frå pkt. 5.1 i nemnde plan. Vi kan ikkje ferdighandsame søknaden før det ligg føre dispensasjon.
- Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje oppfyller vilkåra for 3 vekers sakshandsaming då det er naudsynt for dispensasjon for vår vidare behandling av søknaden.

Teikningar



- Det manglar planteikning som syner loft og hovedetasje for det omsøkte tiltaket.
- Det er ikkje påført ytre mål på innsendt situasjonsplan.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå pkt. 5.1 LNFR-føremålet i arealdelen til kommuneplanen for løyve til oppføring av garasje på eigedom gbnr. 107/41. Søknad om dispensasjon skal vere grunnngjeven.
2. Søknad om dispensasjon skal nabovarlast.
3. Det må sendast inn teikningar som syner loft og hovedetasje for garasjen.
4. Det må sendast inn situasjonsplan påført ytre mål på garasjen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Kolås

Kolåsvegen 163 5955

LINDÅS